



Arkivnr: 2014/18069-71

Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		28.03.2019

## Vidareføring av tiltak for å møte omstillingsutfordringane til industrien i Hordaland

### Samandrag

Då fylkesutvalet 1. februar 2018 (PS 20/2018) vedtok å stille inntil ni millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for industrien i Hordaland, bad fylkesutvalet om at resultatane av arbeidet og bruken av midlane skulle vurderast ved utgangen av 2018 før det vart tatt stilling til eventuell vidareføring. I det same møtet fekk Omstillingsutvalet vidareført mandatet med å ta initiativ til, og få gjennomført, konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga i industrien.

I budsjett 2019 for «*Handlingsprogram for næring og samfunnsutvikling i Hordland 2018-2019*» vart det sett av 12,3 mill. kroner til omstilling. I denne saka vert det fremja forslag om at Omstillingsutvalet får vidareført mandatet sitt i 2019, som ein konsekvens av dette.

**Økonomi:** Ingen effekt på driftsresultat, lånegjeld og disposisjonsfond

**Klima:** Tiltak som styrker industrien i retning av «det grønne skiftet» skal prioriterast særskilt

**Folkehelse:** Fleire av tiltaka har positiv sysselsettingseffekt. Det er bra for folkehelsearbeidet.

**Regional planstrategi:** Saka er knytt til «høg sysselsetting» og «ei klima- og miljøvenleg utvikling»

### Forslag til vedtak

Omstillingsutvalet får vidareført mandatet med å ta initiativ til, og få gjennomført, konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga av industrien i Hordaland.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 28.02.2019**

## **Bakgrunn**

Då fylkesutvalet 1. februar 2018 (PS 20/2018) vedtok å stille inntil ni millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for industrien i Hordaland, bad fylkesutvalet om at resultatane av arbeidet og bruken av midlane skulle vurderast ved utgangen av 2018 før det vart tatt stilling til eventuell vidareføring av Omstillingsutvalet.

## **Tidlegare vedtak i saka**

På møtet i fylkesutvalet 18. juni 2015 vart det gjort følgjande vedtak i PS 168/2015 «Tiltak for å møte omstillingsutfordringane i leverandørindustrien til petroleumsnæringa i Hordaland»:

*Fylkesutvalet ser svært alvorleg på den vanskelege situasjonen for leverandørindustrien til petroleumsnæringa og vil ta initiativ til ein samordna regional innsats for denne industrien ved at:*

1. *Det vert oppretta eit omstillingsutval med to representantar frå arbeidstakersida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen. Fylkesutvalet vel følgjande to representantar til å delta i omstillingsutvalet:*

*Sveinung Valle  
Tom-Christer Nilsen*

*Mandatet blir å ta initiativ til, og få gjennomført konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga i denne sektoren.*

2. *Fylkesutvalet stiller inntil 5 millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for leverandørindustrien retta mot petroleumsnæringa. Midlane blir tatt frå omstillingspotten i HNH-budsjettet for 2015, som blir forvalta etter behov av fylkeskommunen sjølv, eller av Innovasjon Norge Hordaland.*
3. *Resultata av arbeidet i utvalet og bruken av midlane skal vurderast ved utgangen av 2016 før det blir tatt stilling til eventuell vidareføring.*
4. *Fylkesutvalet ber omstillingsutvalet arbeide vidare med problemstillingar knytt til nedgangstidene i heile olje- og gassindustrien. Ein bør ta sikte på kontakt med sentrale styresmakter og arbeide saman med desse, for å styrke verkemiddelapparatet og arbeide for at oljeselskapa gjennomfører investeringsprosjekt som no blir utsett.*

Bakgrunnen for dette vedtaket var eit spørsmål frå Sveinung Valle i fylkesutvalet 16. juni 2014 om korleis fylkesrådmannen stiller seg til dei indikasjonane ein på det tidspunktet såg på at leverandørindustrien til petroleumsnæringa hadde utfordringar. HOG Energi blei engasjert for å kartleggja status i bransjen, og rapporten frå dette arbeidet vart presentert for fylkesutvalet i møtet 19. mai 2015 (RS 75/2015).

Vurderinga av vidareføring av arbeidet vart første gang fremja som sak i fylkesutvalet 22. september 2016 (PS 221/2016), og då vart det også vedteke å vidareføra ordninga med ei løyving på fem mill. kroner:

*Fylkesutvalet ser framleis svært alvorleg på den vanskelege situasjonen for leverandørindustrien til petroleumsnæringa og ynskjer å vidareføra ein samordna regional innsats for denne industrien ved at:*

1. *Fylkesutvalet stiller inntil 5 millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for leverandørindustrien retta mot petroleumsnæringa. Midlane blir tatt frå omstillingspotten i HNH budsjettet for 2016, som blir forvalta etter behov av fylkeskommunen sjølv eller av Innovasjon Norge Hordaland.*

*Fylkesutvalet ynskjer at midlane må sjåast i samanheng med realiseringa av eit Grønt skifte som er ein del av målsetjinga og strategiplanen for Hordaland fylkeskommune.*

2. *Omstillingsutvalet med to representantar frå arbeidstakarsida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen får vidareført mandatet med å ta initiativ til, og få gjennomført konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga i denne sektoren.*
3. *Resultata av arbeidet i utvalet og bruken av midlane skal vurderast ved utgangen av 2017 før det blir tatt stilling til eventuell vidareføring.*

I KMD si løyving til Hordaland fylkeskommune i statsbudsjettet 2017, vart det sett av ni millionar kroner til omstilling. For å strukturera arbeidet med omstilling på ein god måte, vedtok fylkesutvalet, under handsaming av «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland*» 22. februar 2017 (PS 44/2017), at omstillingsutvalet også skulle vera styringsgruppe for desse midlane.

Omstillingsutvalet – som er sett saman av to representantar frå arbeidstakarsida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen – gjorde ei vurdering av behovet for vidareføring 4. desember 2017. Det var då gjort fylgjande rådgjevande vedtak til fylkesutvalet:

*«Leverandørindustrien står framleis overfor store omstillingsutfordringar. Omstillingsutvalet tilrår difor at mandatet for utvalet blir forlenga med eitt år til utgangen av 2018. Omstillingsutvalet ber også om at virkemidlane blir styrkt ut over dei 9 mill. kr som kjem over Statsbudsjettet for 2018.»*

Etter dette vart det gjort fylgjande vedtak i fylkesutvalet 1. februar 2018 (PS(20/2018):

1. *Fylkesutvalet stiller inntil 9 millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for industrien i Hordland. Midlane blir tatt frå omstillingspotten i HNH-budsjettet for 2018*
2. *Omstillingsutvalet, får vidareført mandatet med å ta initiativ til, og få gjennomført, konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga i denne sektoren. Fylkesutvalet ynskjer i tillegg at noverande samansetnad med to representantar frå arbeidstakarsida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen, blir utvida med ein næringsrepresentant med kompetanse på «grøn konkurransekraft», industriell utvikling og fornybar energi.*
3. *Resultata av arbeidet i utvalet og bruken av midlane skal vurderast ved utgangen av 2018, før det blir tatt stilling til eventuell vidareføring.*

Hordaland fylkeskommune fekk ikkje tildelt omstillingsmidlar over statsbudsjettet i 2019, men då fylkesutvalet handsama budsjett 2019 for «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling 2018-2019*» (PS 6/2019) 31. januar 2019 vart det sett av 12.259.000 kroner til omstilling og nyskaping. Denne posten er sett saman av overførte midlar på 4.044.000 kroner frå 2018, og statlege midlar avsett til omstillingstiltak i perioden 2004-2013 på 8.215.000 kroner. Omstillingsarbeidet er med andre ord vedtatt vidareført i 2019, men det er ikkje teke stilling til om omstillingsutvalet framleis skal vera styringsgruppe for desse midlane.

## Økonomi 2015-2019

Løyvingar	Beløp	Overført frå året før	Tilskot	Rest
2015 - Løyving i FUV	5 000 000		4 746 500	
2016 - Løyving i FUV 2016	5 000 000		3 701 500	
2017 - KMD Omstilling	9 000 000	1 552 000	6 248 000	
2018 - KMD Omstilling	9 000 000	4 304 000	9 260 000	
2019 - Unyttta og tilbakeførte midlar Omstilling 2004-2013	8 215 000	4 044 000		
<b>Totalt pr. 1/1 2019</b>	<b>36 215 000</b>		<b>23 956 000</b>	<b>12 259 000</b>

## Bruk av midlane i 2018

Søklar	Prosjekt	Prosjektkostnad	Søkt beløp	Løyvd beløp
Atheno	Arena Smart Prosjektindustri Sunnhordland	4 690 000	2 100 000	1 900 000
Næringshagen i Odda	Utvikling Innovasjonssenter Indre Hordaland - Odda	1 250 000	400 000	400 000
Kvinnherad Næringservice	Endringsglede 2	650 000	300 000	300 000
Deloitte AS	Omstilling fra olje og gass til havbruk	3 100 000	1 000 000	1 000 000
Næringsseksjonen, Bergen kommune	Mulighetsbanken 2018	660 000	200 000	200 000
Framo AS	Framo innovation; omstillingsprosjekt for å få flere ben å stå på	4 747 000	1 500 000	1 500 000
Corvus Norway AS	Corvus Norway: Etablering av ny batterifabrikk med fokus på Norge	1 602 500	801 250	550 000
Norsk Industri	SMB Petroleum Hordaland	1 099 350	549 675	550 000
GCE Subsea SA	#LeveDigital	3 100 000	1 600 000	1 550 000
Dock Express AS	Stønad til forprosjekt for tørrdøkk på Rubbestadneset	3 440 000	1 000 000	1 000 000
Innovasjon Norge	Bedrift i omstilling og vekst - Digitalisering	310 000	310 000	310 000
<b>Totalt</b>		<b>24 648 850</b>	<b>9 760 925</b>	<b>9 260 000</b>

Ingen av prosjekta som vart tildelt midlar i 2018 er avslutta og sluttutbetalt. Bakgrunnen for dette er at prioriteringa er endra frå kortsiktige prosjekt, til prosjekt som i større grad bygger opp om meir langsiktig omstillingsevne.

Effekten av midlane som vart tildelt dei første åra har byrja å vise seg. Til saman har over 650 personar og eit titals bedrifter, inkludert dei store hjørnesteinsbedriftene, fått opplæring og deltatt i kompetansehevande kurs i Sunnhordlandsregionen. Ei bedrift har endra sin marknadsposisjon frå leverandør til petroleumsindustrien til elkraftnæringa, og vorte pre-kvalifisert som leverandør hos Statnett. I Nordhordland har 5 bedrifter og ein rekke gründerar deltatt i liknande lavterskeltilbod der fleire av bedriftene no er i tilsettingsprosessar. I Vest har 13 bedrifter forplikta seg til eit samarbeid om marknadsføring, kostnadsreduksjon og effektivisering av produksjonsprosessar. SMB-bedrifter i heile fylket har fått tilbod om mentortjeneste for å mellom anna kome seg inn i nye marknader. Mange bedrifter har fått tildelt mentor. Dette er bedrifter som har opplevd reduksjon i omsetting og oppseiingar av eigne tilsette. Dei førebelse tilbakemeldingane frå bedriftene er gode.

## Omstillingsutvalet

Omstillingsutvalet hadde sitt første møte 28. september 2015. I etterkant av dette møtet vart det arbeida fram ein strategi etter innspel frå medlemmene i utvalet. Denne strategien vart revidert første gang av omstillingsutvalet 5. oktober 2017. I tråd med endringane i arbeidsmarknad og bransjar dei siste åra, er det framlegg om nye justeringar av strategien. Tanken er å dreia innsatsen frå kortsiktige tiltak knytt til nedbemanning og arbeidsløyse, til meir langsiktige omstillingstiltak knytt til digitalisering, robotisering og utviding av programmet til heile industrien i Hordaland. Strategien skal handsamast av Omstillingsutvalet, dersom utvalet vert vidareført.

Omstillingsutvalet var frå starten av sett saman av to representantar frå arbeidstakersida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen. I 2018 vedtok fylkesutvalet at utvalet skulle utvidast med ein næringsrepresentant med kompetanse på «grøn konkurransekraft», industriell utvikling og fornybar energi. Ved utgangen av 2018 var det fylgjande medlemmer i utvalet.

- Anne Gine Hestetun – Fylkesordførar i Hordaland
- Silja Ekeland Bjørkly – Fylkesutvalet

- Anne Kverneland Bogsnes – Direktør NAV Vestland
- Lars Solberg – Styreleiar Atheno
- Kurt Andreassen – Direktør CCB Ågotnes
- Astrid Aarhus Byrknes – Ordførar Lindås
- Nina Broch Mathisen – Direktør Innovasjon Norge Vestlandet
- Roar Abrahamsen – Leiar Fellesforbundet Avdeling 5
- Ingrid von Streng Velken - Konserndirektør Innovasjon og Utvikling, BKK
- Stian Nyhus - Regionsjef NITO Vest

Etter fylkesutvalet sitt vedtak i juni 2015 vart det sett ned eit sekretariat. Sekretariatet sine oppgåver har vore å kalle inn til møter i utvalet, utforme strategiar og utlysingar, handsame prosjektsøknader, skrive brev til sentrale styresmakter og utforme politiske saker. Sekretariatsfunksjonen omfatta m.a. det daglege administrative ansvaret for drifta av omstillingsarbeidet, saksførebuing til styringsgruppa sitt arbeid og iverksetjing av vedtak.

### **Vurdering av eventuell vidareføring av Omstillingsutvalet**

Når vidareføring av Omstillingsutvalet i 2019 no skal vurderast er det viktig å ha i mente at dei overordna måla i regional og distriktpolitikken legg vekt på å gjere omstilling for bedrifter lettare på kort sikt, og å byggje evne til omstilling i bedrifter, næringsmiljø og lokalsamfunn på lang sikt. «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019*» har også omstilling som ei gjennomgåande satsing.

Det offentlege verkemiddelapparatet er i dag innretta på å jobbe med denne type utfordringar kvar for seg. Fylkesrådmannen meiner samarbeid og betre koordinering av individretta-, bedriftsretta- og regionale utviklingsmidlar vil gje meirverdi i dette arbeidet. Med den styringsstrukturen som no er etablert vil Omstillingsutvalet i Hordaland kunne få til ei slik koordinering og samordning av verkemiddelbruk på alle desse områda basert på behova i industrien. Ein uformell førespurnad i februar viser at utvalet er svært entusiastisk og ynskjer å bruka tid og ressursar på å vidareføra arbeidet i omstillingsutvalet også i 2019.

Samansetninga av Omstillingsutvalet er brei, og gir god forankring både mot dei viktigaste offentlege utviklingsaktørane på regionalt nivå og mot næringa. Utvalet har og bidrege til at midlane har vore nytta effektivt og gjeve gode resultat.

Tilbakemeldingane frå medlemmene i Omstillingsutvalet, og verksemdene og organisasjonane dei representerer, er at utvalert har vore ein svært nyttig arena for å bli oppdatert på korleis situasjonen utviklar seg, kva tiltak som vert sett i verk og kva moglegheiter som finnes.

Fylkesrådmannen meiner utvalet er ein nyttig arena for å diskutera felles utfordringar mellom næringslivet, politikk og fagorganisasjonar i høve omstilling. Når alle medlemmene framleis er viljuge til å prioritera arbeidet i omstillingsutvalet i 2019, bør utvalet få forlenga mandatet ut 2019.